



5 FORELDRETIPS OM VENNSKAP

1. Snakk hyggjeleg heime!

Foreldre er dei viktigaste rollemodellane barn har. Korleis vi snakkar saman heime, er med på å forme oppfatninga deira av kva som er greitt og ikkje greitt. Når noko er vanskeleg eller vondt, trøyst barnet ditt, og gje det støtte. Prøv å spørje og gå djupare for å skjønne kva som eigentleg har hendt. Ikkje snakk negativt om andre barn, om foreldra deira, om læraren eller om skolen. Ta heller opp uroa direkte med barnehagen eller skolen, med foreldrekontaktar eller FAU.


2. Leik på kryss og tvers!

Når eit barn leiker med andre barn i ulike grupperingar, får dei leikeopplevingar som er med på å gje tryggleik, meistring og læring. Dei får prøve nye måtar å tenkje på, vere på og leike på, og fleire barn får vere med i leiken. Vi vaksne kan leggje til rette for fleire slike leikeopplevingar.

Alle barn har rett til å trivast og kjenne at dei høyrer til. Barnehagen og skolen skal skape eit godt miljø for leik og læring og leggje til rette for godt samspel og vennskap. Her har alle vaksne rundt barna eit stort ansvar, som tilsett i skolen/barnehagen eller som forelder. I denne faldaren får de som foreldre/føresette nokre tips til kva de kan gjere for å bidra.

Det beste vi kan gjere for at barna skal trivast i barnehagen og på skolen, er å engasjere oss!

Bli kjend med barna og dei andre foreldra, og finn på aktivitetar i lag. Snakk om kva som er greitt og ikkje greitt å gjere og seie til andre – både andlet til andlet, på mobil og på nett. Snakk om kva



3. Sørg for at alle blir inviterte!

Det kan vere vondt å ikkje bli invitert i bursdag eller på fest. Vi vaksne må sørge for at ingen fell utanfor. Inviter alle barna på avdelinga eller i klassen, alle jentene, alle gutane eller ei anna inkluderande inndeling. Snakk om bursdagsreglar på foreldremøtet. Kva skal til for at alle opplever å vere inkluderte? Korleis kan de foreldre samarbeide med barnehagen og skolen for å lykkast med det? Det beste du kan gjere for barnet ditt, er òg å gjere noko for andre barn.

4. Hjelp barna å vere modige!

Det krev mot, tryggleik og øving å stå imot utestenging, å invitere andre med i leiken og å seie frå om nokon blir dårleg behandla. Lær barnet ditt at det er viktig å ikkje plage og ekskludere andre, og at det er like viktig å prøve å hjelpe eller seie frå til ein vaksen om ein ser at noko vondt hender. Di fleire som gjer det, di vanskelegare blir det å stengje nokon ute eller plage andre.

5. Ver open, positiv og lyttande!

Det kan vere vanskeleg å fortelje til andre at eigne barn er aleine og treng venner. Det kan òg vere vanskeleg å vere open om at eigne barn plagar eller stengjer andre ute. Ikkje bruk ord som «mobbar» og «mobbeoffer». Ofte er situasjonen meir uklar og komplisert enn vi først trur. Vis at du er open og forstår – då blir det lettare for andre å fortelje og for deg å hjelpe. Mobbing er handlingsmønster som kan endrast med støtte og hjelp frå vaksne.

de kan gjere i lag for å skape eit godt miljø. Gje melding til læraren om du ser eller høyrer ting som tyder på at nokon ikkje har det bra.

Mobbing og utestenging gjeld ikkje berre dei barna som er direkte involverte, men påverkar heile gruppa negativt. Difor bør alle bry seg, anten det skjer i barnehagen, på skolen, i fritida, på nett, i sosiale medium eller via mobil. Barna treng hjelp av oss for å forstå dei alvorlege følgjene mobbing og utestenging kan ha. Vi må vise dei korleis dei kan møte kvarandre med respekt, og lære dei å verdsetje ulikskapar. Barn er forskjellige, og det er bra!

